



Korpset 17. mai 2007 – i strålende ver! (Foto: Ola Matti Mathisen)

Skulemusikken har halde årsmøte og det nye styret har desse fem medlemmene: Magni Tråvik, Randi Guddal Zimmer, Kari Anne Halvorsen, Kari Isdal og Thor Inge Døsland.

Britt Torill Mathiesen held fram som rekneskapsførar, Svanhild Haugland som uniformsforvaltar og Steinar Naterstad som instrumentforvaltar.

Anne Kjersti H. Lunde held fram som representant i bingonemnda. Bingoen er saman med basar, førjulslotteri og støttemedlemsskap svært viktig for økonomien.

Janne Yri er valt til valnemnda, som skal supplerast med ein person til. Kjersti R. Bråttun og Tone Bakke er attvalde som revisorar.

Ellers er skulemusikken komen svært godt i gang etter ferien. Både korpset og den nye dirigenten Anders Christensen arbeider bra. Anders har delt ut eit repertoar med mange nye og spennande nummer, som både er varierte og utfordrande for musikantane og noko å sjå fram til for publikum.

Den 10. og 11. november skal det vera seminar med dirigenten og innleigde instruktørar.

Du finn meir om skulemusikken, mellom anna ei fyldig årsmelding, under LAG OG ORGANISASJONAR.